

Nysæter kyrkjelyd

Årsrapport 2025



«Nysæter kyrkje -ein heim for alle,
her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand»

-Visjon Nysæter kyrkjelyd

Nysæter sokneråd frå 01.01.2025 – 31.12.2025

Sigrd Theodorsen Langøy Leiar
Heine Kaldefoss Nestleiar, og representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Tormod Stautland Representant i Stord kyrkjelege fellesråd
Ida Elin Hatlevik Tvedt
Guro Betten (Permisjon)
Bjarne Petterteig
Marit Magnussen Romfog

Vara:

1. Roald Sangolt
2. Wenche Elin Midttun
3. Ingebjørg Råheim Grønsdal (Permisjon)

NYSÆTER	2023	2024	2025
Døypte	32	33	24
Konfirmerte	31	34	37
Vigsler	6	2	1
Gravferd	22	23	31
Gudstenester	56	55	54
Deltakarar	5 192	5 036	4 591
Takkoffer	216 500	279 208	220 315
Utmeldingar	22	17	14
Innmeldingar	4	4	4

Årsmelding Nysæter sokneråd v/leiar

I starten av året fekk me opp informasjonstavle utanfor kyrkja. Dei tilsette på gravplassen bygde eit flott hus til den som står i stil til kyrkja og klokketårnet. Til tak over tavla, har dei nytta «hatten» til den gamle skorsteinen som tidlegare stod utfor kyrkja.

Søndagsskulen har starta opp igjen, og har veldig godt oppmøte. Det er både nye frivillige, og fleire av dei som var med å drive søndagsskulen før, som no driv søndagsskulen. Det er kjempeflott å få søndagsskulen tilbake, og barna gler seg til neste samling.

11. mai hadde me Familiedag i Gruvene med nydelig ver, masse folk, og barn som var med og viste bevegelser til song. Til kyrkjekaffien var det sukkerspinn, popcorn og kanelboller.

18. oktober var det basar i kyrkja. Det var ei flott samling med mange både store og små, og masse flotte gevinstar som kyrkjeringen hadde laga. Me ser at basaren er eit godt møtepunkt i kyrkja.

I løpet av 2025 har soknerådet på det meste hatt tre medlemer i permisjon, og avslutta året med to medlemer i permisjon. Med Guro Betten i permisjon ut soknerådsperioden, har Marit Magnussen Romfog no blitt fast medlem i soknerådet, og Roald Sangolt er blitt 1. vara.

Litt raskare enn me hadde tenkt blei det eit nytt prestebyte i Nysæter kyrkjelyd. I juni kom meldinga om at sokneprest Fridleif Lydersen skulle vidare til Florø, og på hausten vart stillinga lyst ut på nytt. Roald Drønen var vikarprest frå Fridleif slutta og ut året. Soknerådet er takknemlig for at me fekk fast vikar, og Roald var ei god støtte i mellomperioden. Me er no svært takknemlige for at Olav J. Oma søkte og tok i mot stillinga, og gler oss over å kunne jobbe med han framover.

For Nysæter sokneråd

Sigrid Theodorsen Langøy

Soknerådsleiar



Årsmelding for Kyrkjeleg undervisning og læring i Nysæter sokn

Gjennom kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og i gudstenester har me gjennom leik, song og musikk, lystenning, bøn, bibellesing og undervisning lært om trua vår. Sjølv om me òg driv med noko teoretisk undervisning, ynskjer me å leggja vekt på at «trua vert til medan ein gjer», slik prest Stian K. Aarebrot skildrar det i boka «Kunsten å forme livet». Gjennom konkrete handlingar, vanar og truspraksisar kan trua både verta til og styrkjast.

Tilsette i kyrkjeleg undervisning og læring:

Ved starten av 2025 var det to tilsette i undervisningsavdelinga, som til saman fylte opp 1,6 av dei 2,6 årsverka ein har i undervisningsavdelinga. Det var einingsleiar Solbjørg Hope Angeltveit i 100% stilling og kyrkjelydspedagog Elisabeth Søndena Oma i 60% stilling. I februar vart Elisabeth Moldestad tilsett som kyrkjelydspedagog i 40% stilling. Elisabeth Søndena Oma gjekk ut i sjukemelding og deretter morspermisjon frå og med mars. Elisabeth Moldestad auka over tid opp stillinga si, og har frå og med august vore tilsett i 50% stilling. Sigrid Theodorsen Langøy har bidrege på timebasis der ho har hatt pølsefest i Nysæter sokn, og var på vårsemesteret med på éi konfirmantgruppe i Stord sokn. Det har altså, i år som i fjor, vore mykje endringar i tilsettsituasjonen i undervisningsavdelinga, og ein har heile året vore i ein underbemanningssituasjon. Det lukkast heller ikkje å få inn nokon i vikariatet/deltidsstillinga som var utlyst for vakanse i stillingar.

Undervisningsutval:

Undervisningsutvalet avgjorde på første møte i 2025 at dei ynskja å dela seg soknvis, og ikkje lenger ha felles møteverksemd for Stord og Nysæter. Dette då ein syntes ein fekk betre utbytte av å dela seg, då ein på denne måten kunne planleggja meir konkret på vegne av sitt sokn. Utvalsmedlemmer frå Nysæter har dette året vore: Katrine Valvatne Kvernenes, Hildegunn S. Heimro og Bjarne Petterteig.

Kontinuerlege tiltak gjennom heile året:

Dei kontinuerlege tiltaka som har vore gjennomført i laupet av året har vore babysong, pølsefest og konfirmantar. Babysong er eit velfungerande tiltak der det stadig kjem nye innom gjennom heile året. Her har det totalt vore 38 babyar med mor/far innom i laupet av året, med gjennomsnittleg 7 babyar for kvar samling. Dei fleste deltakarane vert med på det diakonale tiltaket Mat&Prat etter at babysongstunda er slutt. *Pølsefest* (1-10 år) er òg eit godt innarbeidd tiltak med musikkstund, bibelforteljing og sjølvstekt pølser etterpå. Her har det vore gjennomsnittleg 16 born innom på samlingane. I mai vart 37 konfirmantar konfirmerte i Nysæter, medan det i august kom 28 nye spente konfirmantar til presentasjonsgudsteneste. Denne hausten har ein hatt ei helgesamling på haustsemesteret òg for alle konfirmantane i Stord og Nysæter. Det vart særleg fine samlingar (inndelt skulevis) med tema «*forfulgte kristne, bibel og tru*». Me har òg hatt eit auka fokus på læring gjennom musikk denne hausten, der konfirmantane har fått kvar si treeiningssalme (ei for kvar skule) som dei jobbar ekstra med. Både med tekstinnhald, og med førebuing til fasteaksjonskonsert til våren. Det har vore ein særleg fin gjeng med ungdommar, både dei som vart konfirmerte på våren, og det noverande kullet. Dei som vart konfirmerte i vår hadde mange fine

tilbakemeldingar på konfirmantevalueringa, der eg må trekkja fram tre av svara kring spørsmålet «Kva har du lært i konfirmanttida? Om trua og om deg sjølv?». Konfirmantsvar: «Eg synest det kjekkaste har vore den varierte undervisninga – nokre gonger teoretisk og andre gonger praktisk, til dømes bønnevandring i kyrkja», «At Gud betyr mykje for meg. Eg har funne trua i Gud» og «I løpet av samlingane har eg følt meg nærmare Gud og eg fekk bruke meir av tida mi med trua». Det er fint å få tilbakemeldingar om at konfirmantane trivst med det opplegget me tilbyr dei – og at dei kjenner at dei får noko meningsfylt ut av det. Her & Der (12-15 år), som er eit felles tiltak mellom Stord og Nysæter, har dette året vore inaktivt. Her jobbar utvala kontinuerleg med å få tak i nye frivillige til å starta opp att tiltaket.

Enkeltsamlingar i laupet av året:

Det har vore gjennomført noko færre breiddetiltak dette året enn det ein i utgangspunktet hadde planar om. Dette med bakgrunn i underbemanningssituasjon i stab og prioriteringsynskjer frå utvalet. I tillegg vart nokre tiltak avlyst pga. for låg påmelding. Lys vaken vart avlyst i år òg, då det her var enno færre påmeldte enn i 2023, til tross for at det vart invitert 2 årskull pga. avlysinga av tiltaket i fjor. Kode B og Misjon vart nedprioritert til fordel for andre meir innarbeidde tiltak. Tårnagent var i utgangspunktet planlagt gjennomført i 2025, før ein etterkvart valte å utsetja dette til februar 2026, der ein ville invitera to årskull, slik at ein ikkje skulle «hoppa over» eit kull. På hausten vart det *Førsteklasses* i form av ei «pølsefest»-liknande samling kun for 6-åringar. I september gjennomførte ein Fireårsbok med ei særskild vellukka familiegudsteneste med påfølgjande undretur for 4-åringane etter gudstenesta. Her var òg to konfirmantar med å hjalp til.

Samarbeid med barnehagar og skular:

Tradisjonen tru hadde me i november/desember både julevandringar med alle barnehagane i kommunen og skulegudstenester for alle barne- og ungdomsskulane i kommunen. Me er særskild takksame for at alle barnehagane og skulane i kommunen vår ynskjer å nytta seg av dette tilbodet – noko dei verkar å gjera med den største sjølvfølge. Her er det alltid stor oppslutnad, og det har kome særskild mange gode tilbakemeldingar i etterkant, både skriftleg og munnleg, frå både born, føresette og tilsette ved dei ulike institusjonane. Dette er ein tradisjon som vert satt stor pris på av mange, og kommentaren «God jul, sjåast til neste år» var ein gjengangar i denne tida. Barnehagevandringane fungerer òg som ein døropnar for born som ikkje plar å gå i kyrkja. Der dette tiltaket kan vera med på å skapa eit ynskje om å få komma til kyrkja oftare, til dømes på tiltak som pølsefest.

Til slutt ein stor takk til alle dei frivillige medarbeidarane som har vore med å bidrege på ulikt vis til at me har kunna laga til mange fine samlingar med born og unge i soknet vårt dette året. Det har vore til stor hjelp og vert sett utruleg stor pris på!

Solbjørg Hope Angeltveit

Einingsleiar – Kyrkjeleg undervisning og læring

Årsmelding for den diakonale tenesta for Nysæter og Stord sokn

Diakonitenesta har ein viktig plass i kyrkja vår. Diakoni er å tena, å vera Guds hender på jord. Å lindra og hjelpe der urett, smerte, nød og mørke rår. Guds kyrkje er oss, Guds barn og folk som er kalla til å tena kvarandre slik Gud ønskjer at vi skal gjera. Diakoni er Guds kjærleik på jord, i ord og handling.

1.Johannes kap.4, v. 7-11: «Mine Kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elskar, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elskar, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skuldar og vi å elska kvarandre».

Året 2025 var eit godt år for den diakonale tenesta både i Nysæter og Stord sokn. Det var fleire diakonale oppgåver/hendingar der menneske møtte kvarandre, der menneske fekk hjelp, der kyrkja viste kjærleik både i ord og handling.

Diakoniutvalet. Diakoniutvalet er eit felles utval for Stord og Nysæter sokn. Desse var med i utvalet i 2025:

Frå Stord sokn: Signe Wiersen Vorland og Runar Isdahl

Frå Nysæter: Ida Elin Hatlevik Tvedt og Kjetil Eldøy

Soknediakon Olaug Gloppen hadde 60 % stilling i 2025

Diakoniutvalet sine tenester i 2025: Delta på møta i diakoniutvalet, ansvar for open kyrkje i Stord ein gong i månaden, delta på gudsteneste oskeonsdag 5.mars i Nysæter kyrkje, vere til stades og- ha ansvar ved kyrkjekaffi i Stord kyrke 17.mai, ha ansvar for- og delta på diakoniens dag i Nysæter 19.oktober, ha ansvar for- og delta på minnegudstenesta i Stord kyrkje 2.november, ha ansvar for- og delta på open kyrkje i romjula 28.desember.

Soknediakonen sine oppgåver 2025:

*Open kyrkje i Stord. Stort sett 1 gong i månaden. (ikkje i juni, juli og august). Soknediakonen er hovudansvarleg for open kyrkje i Stord.

*Blomehelsingar/ kontakt med etterlatne etter dødsfall. Ho har besøk etter avtale med dei etterlatne.

*Sorggruppe. Soknediakonen leier sorggruppe 1 gong i månaden. Våren 2025 var Marta Kristine Valvatne med som leiar i lag med diakon. Hausten 2025 var Marit Johnsen medleiar. Sorggruppa har hatt frå 6– 9 personar i gruppa og hatt 9 samlingar.

*Andaktar på institusjonane. Soknediakonen er hovudansvarleg for andaktane på institusjonane og held nokre andaktar sjølv.

*Nattverdsmøter på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter. Nattverdsmøter for

bebuarar som ønskjer nattverd. Nokre gonger nattverd på rommet til bebuarar. (soknebud)

*Soknebud etter avtale. (Nattverd i heimen)

*Sjelesorgsamalar.

*Oppfølging etter krisesituasjonar. Deltaking ved nokre gravferder.

*Deltaking på gudstenester: Diakoniens dag, minnegudsteneste, gudsteneste oskeonsdag, innsettjing av prost Arild Steinsland, gudsteneste i samarbeid med Leirvik bedehus, taizegudsteneste.

*Leiar/skrivar på diakoniutvalsmøter. Samarbeid med diakoniutvalet i deira oppgåver/tenester.

*Delta på fagdagar for diakonar i Bjørgvin bispedøme.

*Fellessamlingar for stab, råd og utval for Stord og Nysæter sokn.

*Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

*Kontorarbeid. Etter behov og nokre dagar heimekontor.

*Delta på styremøter for koret «Happy». Koret «Happy» er eit kor for menneske med funksjonsnedsettjing. Diakonen er med i styret for koret som representant i frå kyrkja. Koret er eit samarbeidsprosjekt med Røde kors.

*«Stallen»: I adventstida ønskjer kyrkjelydane å synleggjera kvifor me feirer jul. «Stallen» er eit prosjekt med fleire frivillige, som både praktisk- og med å vere til stade ved stallen, gjer dette mogleg. I år på Amfisenteret. Diakon er med i planlegging og tilrettelegging av frivillige. På Heiane storsenter er det i adventstida ei krybbe med same føremål.

*Anna: Ein del oppgåver for diakonen er ikkje planlagt på førehand.

Når ein ser på alt som skjer etter avtale i tillegg til «faste» oppgåver både i Stord og Nysæter sokn, er diakonien levande, Mykje skjer for menneske i alle aldersgrupper. Mykje trusopplæring er samanfallande med diakoni. Det meste vi gjer i ord og handling for menneske som treng «ei hand å halda i», er kvardagsdiakoni der menneske møtest. Saman er me ei levande kyrkje, der omsorg for kvarandre synleggjer Guds kjærleik og ønskjer for oss alle: nåde og rettferd. Diakoni er «kyrkja si livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre.

Guds signing over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn!

Med helsing soknediakon Olaug Irene A. Gloppen.

Årsmelding 2025 Nysæter kyrkje kyrkjemusikk

Salmesongen i Nysæter kyrkje er framleis i det store og heile god, sjølv når det er relativt få tilstades kling det godt i det gode kyrkjerommet. Vilje og haldning til å prøva nye og litt ukjende ting er og bra tilstades slik eg opplever det.

Orgelet fungerer bra om enn litt ustemt i nokre register. No før jul (2025) måtte ein sprukken støttebelg i orgelet ordnast. Dette var ein litt større operasjon som orgelbyggjar måtte gjera i Bergen på orgelverkstad. Ikkje usannsynleg at hovudbelg også må overhalast om ikkje altfor lenge. Orgelet har ettersyn/stemming av fagmann annakvart år. Etterkvart må ein gjerne ha eit totaloversyn på instrumentet der alle deler vert tekne ned og overhalt. Dette er jo ein noko større operasjon. I skrivande stund (start februar 2026) er den langvarige og tørre vinterlufta ei utfordring for orgelet. Tangentar vert trege og heng seg opp og treverk i orgelet krympar, så for orgelet er nok fuktig ver å føretrekkja. I verste fall blir orgelet ikkje spelbart ein periode.

Pianoet held bra på stemming etter at luftfuktar vart installert for nokre år sidan. Før dette vart gjort kunne instrumentet bli veldig ustemt, særleg i tørre periodar om vinteren. Om det kunne vera gildt med eit nytt konsertpiano (flygel?) til kyrkja er jo noko ein gjerne kan tenkja på. Pianoet blir jo nytta i mange samanhengar. Isåfall ei litt større investering. Pianoet som står i kyrkja no er jo etterkvart gammalt og med litt ujevn slitasje i mekanikk.

Koret Sanctus må og nevnt spesielt, dette er ein svært positiv gjeng med eit velfungerande styre. Koret har om ikkje stort, i alle fall eit jevnt tilsig av nye songarar, så koret er no litt større enn for berre tre-fire år sidan. Dette er jo gledeleg. Koret sitt største prosjekt i 2025 var nok heilt klart konsert med diverse innhald, stort sett i ein meir jazzig drakt. Dette vart gjennomført i mai i Nysæter kyrkje saman med band og sopransolist. Her var stoff frå «Visst skal våren komme», «Messe for en såret jord», Bjerkheimjazz, mm. Elles var Sanctus med på nokre gudstenester som t.d, Taizegudsteneste i oktober, gudstenester Oskeonsdag, 1. påskedag, 1. søndag i advent .

Koret var elles med ved korgudsteneste i Stord kyrkje i oktober saman med nokre songarar frå koret Ichtus. Dette var og eit prosjekt koret sette pris på. Nevnt må jo og at Sanctus er ei god kjelde til forsong ved gudstenester meir generelt. Sanctus øver onsdagkveldar frå kl. 19-21. Nye songarar er sjølv sagt velkomne.

Konsertar var det og nokre av. I eigen kyrkjeleg regi må den tradisjonelle julekonserten 3. søndag i advent nevnt. To kor og tre korps var med og musiserte. 300 menneske var på plass i kyrkja på denne tradisjonsrike konserten. Kyrkja har og vore mykje nytta til utleigekonsertar, både lokale og utabygds krefter; Musikklinja Stord vidaregåande skule i samarbeid med Sunnhordland kammerorkester i mars, koret Bocca med konsert i april, Stord kulturskule med førjulskonsert, songlaget Stordabuen og Demenskolet konsertar i desember.

Puls på livet er og eit regelmessing opplegg som har inkludert ein god del av musikalsk karakter. Koret Happy nyttar også kyrkja til øvingar annankvar torsdag og er eit viktig arbeid. Det er og viktig å ta med at kulturskulen låner orgelet til jamnleg orgelundervisning. Nokre solistar har og vore med ved gudstenester i 2024, t.d. trompetist høgtidsdagar og ved konfirmasjonar. Ved konfirmasjonar tok og songsolist del. Julafta tok kornettist del ved begge gudstenester. Elles prøver eg å få med ung musikanter frå t.d. kulturskulen ved ei og annan gudsteneste i Nysæter kyrkje.

Alt i alt eit godt år 2025.

Bjarte Aadland, kantor

ÅRSMELDING 2025 – SANCTUS

Styret har i 2025 vore samansett som fylgjer:

Randi A. Nysæter, Kari Nilsen, Arne Fyllingen, Berit Marie Nesse, Bjarte Aadland, dirigent.

Vararepresentant: Gunnar Nysæter, valnemnd Ann Sissel Folkestad og Inger Johanne Moe.

Revisor: Reinert Valvatne.

I løpet av året 2025 har totalt ca 19 aktive songarar delteke på korøvingskveldane. I tillegg har det delteke ekstra songarar og musikarar i 2025.

Styret har hatt seks styremøter i 2025.

Det første styremøtet omfatta planlegging av årsmøtet, samt aktivitetane for våren - då i hovudsak vårkonserten 11. mai. I neste styremøte konstituerte det nye styret seg: Leiar: Randi A. Nysæter, Nestleiar: Kari Nilsen, Kasserar: Arne Fyllingen, Skrivar: Berit Marie Nesse. Styret gjennomgikk også detaljar i planlegginga av vårkonserten.

I styremøtene vidare i vårsemesteret var tema i hovudsak vårkonserten, som fekk tittelen «Hele verden – lovsyng Herren» BjerkheimJazz og andre vakre tonar. Sommaravslutningen var også tema.

I første styremøte etter ferien var tema evaluering av den gjennomførte konserten i mai. I tillegg vart detaljane for haustsemesteret gjennomgått. Rekruttering var også tema.

I siste styremøtet i 2025 (19.11) var tema juleavslutning og aktivitetar i 2026.

Øvingane har vore i Nysæter kyrkje, onsdagar frå kl 1900, to songøktar kvar kveld, med ein kaffi-/tepause imellom. Gode kaffikokarar i 2025 har vore Inger Johanne, Kari og Ragnhild.

Aktivitetar i året 2025:

Vårsemesteret:

- ✓ Oppstart onsdag 8. januar
- ✓ Årsmøte onsdag 12. februar
- ✓ Deltakning på Askeonsdagsgudsteneste i Nysæter kyrkje, onsdag 5. mars
- ✓ Forsong 1.påskedagsgudsteneste i Nysæter kyrkje 20. april
- ✓ Vårkonsert søndag 11. mai:

«Hele verden – lovsyng Herren» BjerkheimJazz og andre vakre tonar

Utvida kor Sanctus med sopransolist Ingjerd Kannelønning Kolstad, samt fire musikarar, kapellmeister: Øystein Heide Aadland, elbass: Sigurd Heide Aadland, gitar: Ask Vatn Strøm, slagverk: Kjetil Lynnes. Musikalsk leiing hadde dirigenten vår, Bjarte.

Dette var ein konsert som likna mykje på konserten me hadde i 2016, som vart godt motteke av publikum, og fall i smak i omtalen til lokalavisa Sunnhordland. Mykje av Bjerkheimstoffet var med denne gongen også, men no tok me med litt andre ting i tillegg, som t.d. litt frå Skeie/Tveit sitt verk «Visst skal våren komme», litt frå

Folkedansmessa og litt andre vakre tonar også.
Musikarar og solist var samansett av ein gjeng proffe musikarar!

✓ *Evalueringa etter konserten:*

Konserten vart godt teke imot av publikum! Kor/solist/musikarar hadde også ei fin oppleving saman – dette var eit program som inneheldt jazz i tillegg til også andre spennande musikalske sjangrar!

Økonomisk vart det et underskudd i forhold til budsjett. Det vart litt færre billettinntekter enn forventa. På inntekstssida fekk koret ekstra stønad frå kyrkjemusikalsk arbeid i Nysæter kyrkje (dette hadde me søkt om i forkant). Ei utfordring vart at alle pengane på inntekstssida kom inn i korkassen i etterkant av alle fakturaene som måtte betalast ut!

- ✓ Forsong friluftsgudsteneste Kristi Himmelfartsdag torsdag 29. mai, i gapahuken i Hustrudalen
- ✓ Sommaravslutning onsdag 14. mai vart på Fjellstova: nydelig mat og kjekt fellesskap!

Hautsemesteret:

- ✓ Onsdag 27. august: oppstart haustsemester
- ✓ Forsong på Vervagudsteneste søndag 7. september
- ✓ Deltaking på korgudsteneste i Stord kyrkje søndag 5. oktober, med songarar frå Ichtus og Sanctus.
- ✓ Deltaking på Taize-gudsteneste i Nysæter kyrkje, onsdag 29. oktober
- ✓ Deltaking på gudsteneste i Nysæter kyrkje, søndag 30. november, 1. advent
- ✓ Juleavslutning onsdag 10. desember.
Koret hadde først øving, for deretter å samlast til eit fint dekkad adventsbord – snittar og julekjeks, i menighetssalen i kyrka. Ein triveleg kveld, med bidrag frå Inger Johanne og Dag Eirik til programmet, i tillegg til god fellessong! Markerte ein kjekk avslutning på korøvingsskveldane denne hausten!
- ✓ Deltaking på den tradisjonelle julekonserten i Nysæter kyrkje søndag 14. desember, 3. søndag i advent. Tone deltok på fløyte og ho og Bjarte veksle på dirigering, piano/orgel.
- ✓ Oppfordring frå dirigent til forsong på 1. juledagsgudstenesta i Nysæter kyrkje

Styret har også i 2025 fokusert på at Sanctus skal vera ein aktiv medspelar i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjene på Stord, samt arbeida for et godt korfellesskap.

Koret takkar:

Sanctus vil også i år retta ein stor takk til Bjarte, dirigenten vår! Bjarte er – som alltid – positiv, optimistisk og motiverande! I tillegg vil også koret takka Tone, og dei ekstra songarane og musikarar som bidreg i aktivitetane våre.

Stord, 31.12.2025 - Styret i Sanctus

Rekneskap

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett 2	Avvik
	UTGIFTER			
11102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor	12 000,00	30 000,00	18 000,00
11106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje trusopplæring)	2 326,05	10 000,00	7 673,95
11107	Lokale diakonale tiltak	0,00	10 000,00	10 000,00
11201	Velferdstiltak, gåver ol	288,00	1 000,00	712,00
11202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi ol	22 078,46	25 000,00	2 921,54
11207	Diverse andre utgifter	1 642,67	1 000,00	-642,67
11301	Gebyr bank	8 783,99	5 000,00	-3 783,99
11400	Annonser	5 999,20	1 000,00	-4 999,20
11500	Kurs, Døgnet ol	0,00	10 000,00	10 000,00
11501	Arrangementsutgifter	23 014,88	20 000,00	-3 014,88
12000	Innbu, utstyr, bøker	11 139,52	16 000,00	4 860,48
12001	Kontorinventar og -utstyr	0,00	110 000,00	110 000,00
14401	Overføring trusopplæring/ diakon/ eigenbet til FR	0,00	30 000,00	30 000,00
14650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	76 363,57	50 000,00	-26 363,57
14651	Offer/ innsamling til fasteaksjonen	20 984,92	20 000,00	-984,92
14652	Misjonsprosjektet	30 555,22	40 000,00	9 444,78
14653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter	11 924,09	6 000,00	-5 924,09
14700	Tilskot/ gåver til andre (private/ lag og organisasjonar)	0,00	5 000,00	5 000,00
15800	Rekneskapsmessig overskot	172 750,57	0,00	-172 750,57
	INNTEKTER			
16200	Arrangementinntekter	-20 888,00	-30 000,00	-9 112,00
16201	Inntekt basar (kr 93 726)	-104 926,00	-110 000,00	-5 074,00
18600	Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet	-49 581,14	-62 000,00	-12 418,86
18601	Takkeoffer til diakonarbeidet	-4 350,00	-15 000,00	-10 650,00
18602	Takkeoffer til trusopplæringa	-13 672,00	-15 000,00	-1 328,00
18604	Takkeoffer til kyrkjemusikals arbeid	-17 050,00	-20 000,00	-2 950,00
18606	Takkeoffer til barne- og ungdomsarbeid	-23 457,00	-10 000,00	13 457,00
18650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	-81 020,00	-50 000,00	31 020,00
18651	Takkeoffer/ innsamling fasteaksjonen	-21 102,00	-20 000,00	1 102,00
18652	Takkeoffer/ innsamling misjonsprosjekt	-31 185,00	-40 000,00	-8 815,00
19000	Renteinntekter	-32 620,00	-18 000,00	14 620,00
		0,00	0,00	-0,00

Årsrekneskap 2025

Nysæter sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytingsavtalen med Stord kyrkjelege fellesråd. Soknerådet har motteke endeleg årsrekneskap per 31.12.2025 den 22. februar 2026 og ventar på revisorfråsegn.

Soknet ser noko minke i takkoffer-inntekter frå 2024, særleg gjeld dette takkoffer til kyrkjelydsarbeidet og barne og ungdomsarbeidet. Økonomien i soknet gjekk i 2025 i pluss pga. mindre kostnader og høgare inntekter enn budsjettert.

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2025:

- Inntektene frå gåver og innsamla midlar var kr 220 315, pluss innsamling til fasteaksjonen kr 21 102, totalt kr 241 147. Dette utgjer kr. 59 128 mindre enn det som kom inn i 2024.
 - Inntektene frå basaren var kr. 93 726
 - Nysæter sokn hadde i 2025 eit mindreforbruk (overskot) på kr. 172 750,57.
 - Nysæter sokn har ein eigenkapital på kr 751 359 per utgangen av året.
-

Annan informasjon. Som del av årsmeldinga vil Nysæter sokn òg informera om:

- A) Den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnsfordelinga i styrande organ.

Valgordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga vert avgjort gjennom direkte valg kvart fjerde år, sist i 2023. Det er krav om 40 % representasjon av begge kjønn ved listene til valg av sokneråd. I tillegg er soknepresten fast medlem i rådet.

Nysæter sokneråd har i inneverande periode 3 kvinner og 3 menn blant dei faste medlemene, dvs 50 % menn og 50 % kvinner

- B) Eventuelle likestillingstiltak som er iverksett og/eller planlagt iverksett for å fremja likestilling uavhengig av kjønn.

Arbeidet med førebuing av kandidatliste til soknerådsvalet i 2027 er ikkje starta opp enno.

- C) Eventuelle avgrensingar vedr tilgang til eigne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag.

Det er ikkje utøvd avgrensingar til råd, utval eller frivillige tenester i soknet med bakgrunn i diskrimineringsgrunnlag.

- D) Eventuelle segregerte aktivitetar eller tilbod.

Det har ikkje vore gjennomført aktivitetar i regi av soknet i 2024 som har vore avgrensa til eitt kjønn eller utelukka deltakarar på anna diskrimineringsgrunnlag.

Gudsteneste Gruvene 11.05.2025



Vervagudsteneste 07.09.2025

